



INFORMASJON TIL SKULANE

22. AUGUST 2017

Skulestart utan ståbrett

Kjøpt eit ståbrett på ferie og tenkte borna kunne bruke dette til og frå skulen? Då må du sette deg godt inn i reglane som gjeld.

Det er aldersgrense på 16 år om det er snakk om eit brett som går meir enn 6 km i timen.

Dei under 16 år kan berre føre sjølvbalansierende køyretøy som er *permanent* sperra på maks 6 kilometer i timen og som har eigenvekt på under 50 kilo (sjå [forskrift om køyrande og gåande \(trafikkreglane\) § 1 fyrste ledd bokstav M](#)). Desse er [leikety](#) og kan i utgangspunktet køyrast på same områda som du kan gå på. Det er heller ikkje spesielle tekniske krav og alderskrav til leikety. Alle andre sjølvbalansierende køyretøy – også dei der [fartssperre kan justerast](#) - har 16-årsgrense (sjå [køyretøyforskrifta § 2-5 nr. 4](#)). Med andre ord er det ikkje lov å bruke slike brett som transport til barne- og ungdomsskule.

Reglane om det å vere førar og eigar

Om foreldra let borna under 16-år bruke eit ståbrett som går for raskt, seier lova at det er du som er eigar som har overlete køyretøyet til nokon som ikkje fyller vilkåra (jf. [Vegtrafikklova § 17](#)). Brot på reglane *kan* medføre at eigar vert meld, fordi føraren av slike sjølvbalansierende køyretøy er omfatta av reglane som gjeld motorvognar generelt.

Du kan miste førarkortet

Føring av eit sjølvbalansierende køyretøy (definert som motorvogn), eller eventuell det å overlate dette til nokon som ikkje fyller vilkåra *kan*, etter ordlyden i [Vegtrafikklova § 33 nr 1](#), også medføre tap av førerett så lenge omsynet til trafikksikkerheita tilseier dette.

- Alvorlegheitsgrad på sanksjonen overfor eigar vil verte ei vurdering som politiet må gjere i kvart einskild tilfelle. Forenkla førelegg er nok det mest sannsynlege, saman med ein prat med dei føresette. Men vi ynskjer ikkje at vi skal kome i den situasjonen at politiet må ta vurderinga.

- Veit dei vaksne om reglane saman med skulane håpar vi i politiet at vi kan unngå at slike situasjonar oppstår.

Sjå også

- [Statens vegvesen om leketøy](#)
- [Statens vegvesen om ståhjuling](#)
- [Saka her ligg også på politi.no](#)